

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth
 Avdeling: Kulturavdelinga
 Sak nr.: 13/8004-5

Fylkeskommunalt driftstilskot 2014 – Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Førdefestivalen og Norsk Countrytreff.

Fylkesdirektøren rår Hovudutval kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Tilskot til Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førde Internasjonale folkemusikkfestival og Norsk Countrytreff for 2014 vert utbetalt som vedteke i budsjett 2014.
2. Føringane for tilskot slik desse er omtalt i saksframstillinga vert formidla gjennom tilskotsbrev til den enkelte institusjon.

Vedlegg:

1. Tilskotsbrev frå Kulturdepartementet til Sogn og Fjordane Teater
2. Tilskotsbrev frå Kulturdepartementet til Stiftinga Norsk Countrytreff
3. Tilskotsbrev frå Kulturdepartementet til Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
4. Tilskotsbrev frå Kulturdepartementet til Opera Nordfjord

Andre dokument som ikkje ligg ved:

«Kvalitet for alle penga? En evaluering av Nationaltheatret, Rogaland Teater og Sogn og Fjordane Teater.»

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Fylkestinget har i budsjettet for 2014 sett av inntil 11 057 000 kr til fordeling til Sogn og Fjordane Teater, Norsk Countrytreff, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og Opera Nordfjord. For alle institusjonane ligg det føre finansieringsavtaler om prosentfordeling mellom stat og region/kommune. Hovudutvalet sin strategi er å følge opp gjeldande avtalar når det gjeld finansiering av desse kulturinstitusjonane.

I fylkestinget sitt budsjettvedtak ligg det inne følgjande tilskotssumar:

PROGRAMOMRÅDE 772 - KUNSTPRODUKSJON	B-2013	B-2014	B-2015	B-2016	B-2017
Sogn og Fjordane Teater	5,563	5,757	5,757	5,757	5,757
Norsk Countrytreff	0,849	0,849	0,849	0,849	0,849
Førdefestivalen	2,812	3,258 *	3,258	3,258	3,258
Opera Nordfjord	1,090	1,193	1,193	1,193	1,193
Sum	10,285	11,057	11,057	11,057	11,057

Dette er fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til knutepunktinstitusjonane. * I 2014-budsjettet ligg det inne ein vedteken reduksjon i ramma på 0,100 mill. kr til VRAK (Vestnorske Rytmske Aktørar).

Etter gjeldande avtaler er det lagt til grunn følgjande fordeling mellom aktørane:

Inst.	Stat	%	F.kom.	%	Komm	%	Sum
Sogn og Fjordane teater	17 913	70	5 757	22,5	1 919	7,5	25 589
Norsk Countrytreff	1 697	60	849	30	283	10	2 829
Førdefestivalen	6 556	60	3 258	30	1 093	10	10 907
Opera Nordfjord	3 708	70	1 193	22,5	397	7,5	5 298
Sum	29 874		11 057		3 693		44 623

Ei samla fylkeskommunal/kommunal løyving på 14,749 mill. kroner gir 29,874 mill. kroner i statlege midlar til kulturell aktivitet i fylket i 2014.

2. Forventningar til institusjonane

2.1. Staten

Staten utformar relativt omfattande tilskotsbrev der det vert peika på konkrete mål/kriterier som tilskotsmottakarar må halde seg til, og rapportere på. Som del av «frihetsreforma» har staten i år avgrensa føringane til å gjelde:

- Økonomi/-forvaltning
- Tilgjenge funksjonshemma
- Føringar i knutepunktoppdraget (NCT og Førdefestivalen)
- Statsbudsjettet, regjeringa sine mål for kulturpolitikken innan musikk og scenekunst.

Fylkesdirektøren ønskjer at fylkeskommunen og er tydelege i sine forventningar. Mange av dei formuleringane som ligg i tilskotsbrev fra departementet er naturlege for fylkeskommunen både som eigar og som bidragsytar å slutte seg til.

2.2 Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er ein engasjert og interessert eigar/medstiftar og økonomisk bidragsytar. Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes må fylkeskommunen også peike på område der vi utfordrar institusjonane på å ha klare strategiar og mål for sin aktivitet. Dette vil m.a. vere:

- Strategiar for å nå barn og unge
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket
- Kompetansebase for andre aktørar
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Publikumsarbeid (iltak for å gjere seg kjend med kven publikum er, kor nøgde dei er med tilboda, kven ein ev. ikkje når, korleis nå nye publikumsgrupper, osb.)

Fylkesdirektøren viser også til den prosessen som er gjennomført om publikumsarbeid i institusjonane, og den oppfølging som ligg i den saka. Det er føreset at dei aktuelle institusjonane deltek aktivt vidare i dette arbeidet.

2.3 Sogn og Fjordane Teater

I teateret sin føremålsparagraf heiter det at teateret er å sjå på som ein del av det samla kulturtilbodet i fylket. Dei skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre i sin aktivitet, og skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket. Sogn og Fjordane Teater driv kontinuerleg utvikling av den regionale teatersatsinga. Dei har eit tett samarbeid med dei andre nynorsk-teatera i landet, noko dei vil utvikle vidare. Dei driv aktivt publikumsarbeid. Dei har gjennom fleire år markert seg med ein tydeleg profil

der lokalt stoff har vore utgangspunktet for dramatiseringar. Dette har teateret også fått nasjonale utmerkingar for.

Sogn og Fjordane teater si verksemd vart evaluert av kulturdepartementet i 2013. Sogn og Fjordane fylkeskommune som eigar har ikkje vore kontakta av departementet i samband med denne evalueringa. Teateret får støtte og skryt for m.a. viljen til å utvikle ny norsk dramatik og den relevans dei har som viktig kunst- og kulturinstitusjon i Sogn og Fjordane. Fleire av dei påpeikingane som vert gjort i høve til teateret sitt arbeid kan knytast til ei hovudinnvending, nemleg manglande overordna strategiutvikling. Fylkesdirektøren registrerer at styret for teateret har gripe fatt i og arbeider med dette, og at eit strategisk plandokument er signalisert klart i løpet av våren 2014. Fylkesdirektøren vil elles peike på følgjande område som viktige for våre føringar for tilskot til Sogn og Fjordane teater:

- samarbeid om gode produksjonar for barn og unge til bruk i Den kulturelle skulesekken
- publikumsarbeid
- samarbeid med andre institusjonar regionalt/nasjonalt for å utvikle teatertilbodet i fylke

2.4 Norsk Countrytreff (NCT)

NCT fekk knutepunktstatus i 2012. Festivalen har som oppgåve å planlegge og gjennomføre ein countryfestival kvart år på Breim. Som knutepunktfestival skal dei vere førande innan sin sjanger, ha fokus på nyskaping, og vere ein ressurs for andre festivalar. Knutepunktoppdraget har dei gripe fatt i gjennom kunstnarisk utviklingsarbeid (m.a. med eigne produksjonar, talentutvikling og hospiterings-tilbod). Sett frå fylkesdirektøren si side er det viktig at NCT får tid til å utvikle sitt arbeid innan knutepunktoppdraget.

2.5 Førde Internasjonale Folkemusikkfestival (Førdefestivalen)

Førde internasjonale folkemusikkfestival markerer 25-årsjubileum i 2014. Festivalen er den største festivalen for akustisk verdsmusikk i Skandinavia, og har ein visjon om å vere den viktigaste arenaen i Norden for oppleving av tradisjonsmusikk frå heile verda. Som knutepunktfestival har Førde Internasjonale folkemusikkfestival også i oppdrag å vere ein ressurs for andre festivalar. Dei arrangerer m.a. Førdekonferansen som eit ledd i ansvaret for kompetanseheving. FolkJazzScena vert drive på heilårleg basis. For det yngste publikumet vert Bornas Verdsdagar arrangert kvar haust. Festivalen driv også aktivt publikumsarbeid. Her kan det truleg vere nyttige tips å hente for andre institusjonar innan dette feltet.

Førdefestivalen skal evaluerast i 2014. Fylkeskommunen vil som tilskotsgevar også evaluere festivalen si måloppnåing knytt til kriteria for knutepunktstatus.

2.6 Opera Nordfjord

Stiftinga sitt føremål er å skape eit blomstrande operamiljø i Nordfjord og omliggjande distrikt. Hovudaktiviteten er operavekene på hausten på Eid. I tillegg har hatt ulike satsingar gjennom året. År om anna turnerer dei til andre stader i fylket med produksjonar.

Opera Nordfjord har ambisjonar om å stadig nå ut til nye målgrupper med sine produksjonar og vil satse på aktivitetar året rundt. For å oppretthalde jamn aktivitet, vil dei satse på eit heilårskor. I 2014 vil dei og prioritere familieførestilling, samarbeid med den lokale ballettskulen, og drive aktivt publikumsarbeid.

3. Vurdering og konsekvensar

Dei aktuelle kulturinstitusjonane utgjer ein viktig del av ein profesjonell kulturell infrastruktur i fylket. Dei får, i vår målestokk, relativt store summer i tilskot frå stat, fylkeskommune og kommunar. Med fylkeskommunalt tilskot følgjer det også forventningar om at institusjonane skal legge vekt på å imøtekomme regionale forventningar slik desse er formulert i saksframstillinga. Dette vert formidla til den enkelte institusjon gjennom det årlege tilskotsbrevet. Det vert forventa at institusjonane svarar på desse gjennom sine årsmeldingar, ev. i egne rapportar til fylkeskommunen.

4. Konklusjon/tilråding

Tilskot til Sogn og Fjordane Teater, Opera Nordfjord, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival og Norsk Country Treff er fastsett i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2014. Dei fylkeskommunale føringane slik desse går fram av saksframstillinga, vert formidla gjennom tilskotsbrevet.